

Langrennskomiteen@

Sakshand.: TAH/ KD

Dato: 24.10.2022

Arkivk.: lk/møter/innkalling/21-23

<b>PROTOKOLL TIL MØTE NR. 10 I LANGRENNSKOMITEEN, 2021-2023</b>
---

**Stad:** Microsoft Teams  
**Tidspunkt:** Måndag 24.10.2022, kl. 19.30-21.30

**Sakliste**

**REFERATSAKER**

**SAK 72 21-23** Godkjenning av innkalling og sakliste  
**SAK 73 21-23** Godkjenning av protokoll LK møte nr. 09 21-23

**DISKUSJON- OG VEDTAKSSAKER**

**SAK 74 21-23** Terminlista 2022-2023  
**SAK 75 21-23** Nasjonale renn 2022-2023  
**SAK 76 21-23** Bruk av utstyr orgeltramp og hopp  
**SAK 77 21-23** Haustmøtet 2023

**EVENTUELT**

**SAK 78 21-23** Krinslaget langrenn

---

**TIL STADES:** Tor Arne Hov, Laila Bosdal-Thorsen, Torstein Blikra, Eline Orheim, og Kennet Dvergedal (adm.)

**FORFALL:**

**MERKNADER:**

**REFERENT:** Kennet Dvergedal

---

**REFERATSAKER**

**SAK 72 21-23** Godkjenning av innkalling og sakliste  
**Bakgrunn**  
Innkalling og sakliste med vedlegg er utsendt på førehand.

**VEDTAK**

Langrennskomiteen godkjenn innkalling og sakliste.



## **SAK 73 21-23**

### **Godkjenning av protokoll LK møte nr. 09 21-23**

#### **Bakgrunn**

Protokoll LK møte nr. 09 21-23 er sendt ut og godkjent elektronisk tidlegare.

#### **VEDTAK**

Langrennskomiteen godkjenn protokoll LK møte nr. 09 21-23.

## **DISKUSJON- OG VEDTAKSSAKER**

### **SAK 74 21-23**

#### **Terminlista 2022-2023**

##### **Bakgrunn**

Framlegg til terminlista 2022-2023 er lagt til som eige vedlegg og har vore sendt ut på høyring til klubbane med frist for tilbakemelding 16. oktober. Det har også kome forslag om å utvide konseptet "Barnas Mini VM" ifbm. VM i Trondheim 2025 til eit nasjonalt konsept (meir informasjon om konseptet ligg etter tilbakemeldingane frå klubbar). Følgjande tilbakemeldingar har kome inn:

##### **Markane IL:**

Vedr Tverrfjelldilten – seedingrenn til Birken

Markane IL hadde styremøte sist veke – der var arrangementet Tverrfjelldilten diskutert. Eit samla styre gjekk inn for å avvikle dette arrangementet.

Dermed må dette ikkje setjast på terminlista for sesongen 2022 / 23.

Mvh Margunn Hjelmeset

##### **IL Bjørn:**

Hei,

Berre ein kommentar frå IL Bjørn.

Me ønsker rennet vårt 11. des - Bjønnastarten - i friteknikk som me har hatt siste åra.

God helg!

mvh Knut Kjærвик

Leiar skigruppa IL Bjørn

##### **Syril IL:**

Hei Kennet,

No er det ei stund sidan Syril ski har arrangert noko renn av større skala, og det blir min første gong som leiar av skigruppa. Eg har snakka med Torunn Grut og tidlegare leiar Katrine Wilson og fått anbefaling om at vi køyre på med Klepparennet, datoen i februar verkar ok, det vil forhåpentlegvis vere snø nok. Og så trur eg nok at å satse på Skicross som cuprenn blir litt voldsomt. Vi forsøkte med lokalt skicrossrenn i fjor, og var avhengig av veldig mykje snø nede på Kleppa, og det krevde



svært mykje arbeid sjølv om vi tok det uten tidtaking. Om det er Simen du har snakka med som har gitt uttrykk for at han ønskjer det såskal eg heller ta ein prat med han, for om han vil ha ansvaret så kan vi kanskje prøve.

Helsing Inga

**Gaular IL:**

Hei!

Gaular IL Langrenn hadde terminlista oppe på gruppestyremøte i går. Vi har ingen merknader til dei renna som er sett opp på oss: KM helg 27-29 januar og skicross 5. mars.

Vi håpar at sprintstafetten blir med i terminlista, då vi meiner det er viktig med variasjon i "programmet". Viktig for lagfølelsen og samhaldet at stafetten er med. Litt usikker korleis det er tenkt med SSF rekruttcup når det er lagt opp til sprintstafett på Ullsrennet? Kanskje det kan vere to renn? Var litt i dialog med Førde IL, som eg veit m.a kommenterer på dette med SSF Cup finale nord i fylket og så deretter KM lang sør i fylket neste dag. Der vil nok alle velje ein av delene, så det vil vere ein fordel å dele opp desse.

Mvh Bodil Ryste

**Førde IL:**

Hei Kennet,

Styret i FIL Langrenn har handsama terminlista i samband med styremøte torsdag 06. oktober 2022. Her følgjer våre innspel/ spørsmålstillingar:

**Sak 74 22-23**

**Terminlista 2022-2023 – utkast til høyring**

**Bakgrunn**

Høyringsframlegg for terminliste til Sogn og Fjordane Skikrins er vedlagt.

Skikrinsen ber om skriftleg tilbakemelding innan søndag 16. oktober 2022. Det er vidare beramma digitalt terminlistemøte måndag 24. oktober 2022, kl. 19.30.

**VEDTAK/ OPPFØLGING**

Styret gjer vedtak om følgjande innspel:

- Mange arrangement i SSF Cupen er terminfesta fleire helgar på rad.
  - o Tidleg i sesong.
  - o Terminlista er utarbeida svært komprimert
  - o Helga 18. og 19. mars bør ikkje fredast, til tross for kollisjon med Birken og Ungdomsbirken.
- Ribberennet flyttast til måndag 26. desember 2022.
- Det bør ikkje vere SSF Cup rekrutt same helg som Ungdomens Holmenkollrenn. Kan SSF Cup rekrutt første helga i februar flyttast til KM Sprint?
- Bør det vere dobbel rennhelg i Markane (ifbm Ullsrennet)?
- Er det fornuftig at SSFCup Finale og KM Lang er terminfesta same helga (11. og 12. mars 2022), og på totalt ulike geografiske lokasjonar i skikrinsen?

**Sogndal IL:**

Hei!

Nokre tilbakemeldingar på terminliste utkastet

\*Første SSF cup i Hodlekve søndag 18. desember er ok for oss. Sjølv sagt usikker i forhold til snøforhold, men vi håpar på fine forhold då

\*Greit at renn i Førde 30. des er kun krinsrenn og ikkje SSF cup. Det er mange frå Sogn som reiser til Beitostølen og går nyttårsrennet der 30. des. Det er eit av dei største renna i landet og kjekt å kunne reise dit og måle krefter



\*SSF cup søndag 8.jan må vel vera eit vanleg renn med individuell start. Kan ikkje vera stafett om det skal telje i SSF cup rekrutt. (Evt ta stafett/sprint dagen før)

*\*SSF cup Hodlekverrennet ynskjer vi i Sogndal IL å flytte frå laurdag 14.jan til søndag 15.januar. Reknar med at dette rennet går i klassisk som vanleg*

\*Flott med KM helg i Sunnfjord. 3 dagar. Fredag,laurdag, søndag. Heilt topp!! Gledar oss til det!!

\*Bør unngå SSF cup helga 4-5.februar ettersom det då er Ungdommens Holmenkollrenn. Bør heller ikkje splitte opp SSF cup i to helgar. Ungdommens Holmenkollrenn gjer også at ein del søsken som er eldre eller yngre blir med til Oslo. Så denne helga må vera fri. Kan sjølvsagt vera SSF karusell etc. Men ikkje SSF cup

\*Håpar Kleivanerennet blir vanleg individuell start og ikkje skicross som SSF cup renn.

\*Supert med SSF cup finale på Tua. Kjekt!!

\*Står ikkje stilart. Men reknar med at det blir 4 klassisk og 4 skøyterenn i SSF cup

Satsar på mykje snø i slutten av november og stabil og passe kald vinter ut mars måned :-)

Mvh  
Morten Bøthun  
Sogndal IL Langrenn  
95962550

### **Fjellhug Vereide IL:**

Hei,  
ang terminlista:  
Vi ynskjer å flytte fram Kleivanerennet til søndag 12.februar 2023, sia det ser ut som den datoen er ledig.  
Det er enklare for oss å få med folk å arrangere på ein søndag pga jobb/bønder som jobbar på laurdagane.  
Dessuten unngår vi vinterferiestarten, der fleire i skigruppa skal vekk.  
Håpar dette går i orden.

Mh  
Fjellhug Vereide IL  
V/Astrid Fjellestad Hauge

### **BARNAS MINI VM:**

Hei skikretsledere og skiklubbutviklere!

I Trøndelag har vi de siste to årene jobbet med en barneskirennkarusell som en del av forankringen på vei mot VM i 2025. Prosjektet er døpt Barnas mini-VM, og vi har totalt samlet over 3000 barn mellom 0 og 12 år til lavterskelarrangement i regi av større og mindre klubber. I 2021 hadde vi sju skirenn i Sør-Trøndelag skikrets, og i 2022 hadde vi 16 skirenn i Sør-Trøndelag skikrets og Nord-Trøndelag skikrets. Vi har også delt



ut over 400 000 kr til fordelt på arrangørklubbene disse årene. Det nærmer seg VM, og til kommende sesong ønsker vi å ta prosjektet landsdekkende. Da trenger vi deres hjelp!

Les mer om prosjektet her: <https://www.skiforbundet.no/sor-trondelag/barnas-mini-vm/>

Vi ser for oss en modell der hovedtyngden av arrangementene fremdeles ligger i Trøndelag, men at vi i sesongen 22/23 arrangerer et skirenn i hver av de øvrige skikretsene. Noen i forbindelse med større internasjonale arrangement, andre som kveldsrenn hos et lite idrettslag i distriktet. Barnas mini-VM skal i hovedsak arrangeres av en lokal klubb, men med vår bistand. Til forskjell fra andre barneskirennkonsept ønsker vi heller færre arrangement der vi kan være tettere på arrangørene, og vi vil selv være til stede på hvert skirenn. Arrangørklubb får også et aktivitetstilskudd på kr 20 000,- utbetalt av prosjektet etter sesongslutt.

Foreløpig har vi sett for oss en slik kalender:

- 18.01 – Gjøvik ifm. NM del 1 (Oppland skikrets)
- 19.01 – Akershus skikrets
- 07.02 – Agder og Rogaland skikrets
- 09.02 – Voss ifm. NC jr (Hordaland skikrets)
- 11.02 – Sogn og Fjordane skikrins**
- 18.02 – Møre og Romsdal skikrets
- 02.03 – Alta ifm. NM jr (Finnmark skikrets)
- 04.03 – Tromsø (Troms skikrets)
- 07.03 – Sandnessjøen/Mosjøen/Mo i Rana (Nordland skikrets)
- 10.03-12.03 – Holmenkollen Skifestival (Oslo skikrets)
- 13.03 – Vestfold og Telemark skikrets
- 14.03 – Buskerud skikrets
- 15.03 – Østfold skikrets
- 29.03-01.04 – Tolga ifm. NM del 2 (Hedmark skikrets)

Arrangement i Sør-Trøndelag og Nord-Trøndelag ligger ikke i denne kalenderen, men planlegges med Ingrid Narum og adm. I NT.

Vi har tett dialog med Henning Olsbakk og Petter Ekran i NSF angående de TV-sendte arrangementene, samt Erik Husby og Asgeir Moberg på juniorarrangementene. Vi jobber også sammen med VM-organisasjonen.

Alt er ikke på plass enda, men dette er en skisse over hva vi ønsker å få til kommende vinter. Vi ønsker gjerne tilstedeværelse av skiklubb utviklere på de enkelte arrangementene, og det er mulig vi vil prøve å få til en workshop på Teams eller i forbindelse med høstmøtet. Skiklubb utviklere får «opplæring» i Barnas mini-VMs konsept og rigg, og til neste år vil det bli mulighet for å arrangere både 3, 5 og 10 skirenn i sin skikrets for de som ønsker å ta dette videre.

Det som haster i første omgang er å få på plass **datoer og arrangører**. Dette bør skje senest i løpet av neste uke. Kom gjerne med innspill på aktuelle arrangørklubber, og andre kommentarer dere kanskje har. Se også vedlagt kalender for prosjektledelsens foreløpige tanker om arrangører. 😊 Som dere ser av kalenderen prøver vi å ta små turnéer, Nord-Norge etter jr. NM Alta i begynnelsen av mars, Østlandet etter Holmenkollen Skifestival, Vestlandet og Møre i uke 6 og 7..

Gleder oss til å høre fra dere alle!

### **VEDTAK**

Langrennskomiteen drøfta innspel til terminlista i møtet og gjer vedtak om at adm. følger opp punkta som vart drøfta. Vidare vert det gjennomført eit terminlistemøte med klubbane torsdag 27. oktober. Terminlista 22/23 blir vedtatt på Haustmøtet til Skikrinsen.

### **SAK 75 21-23**

#### **Nasjonale renn 2022-2023**

##### **Bakgrunn**

I forbindelse med nasjonale renn, Hovudlandsrennet, NorgesCup og NM, legg krinsen opp til felles opplegg for løparar på krinslaget og impulslaget.

Til Hovudlandsrennet, NC jr. og NM jr. tildeler arrangør eit stipulert antall overnattingsplassar til kretsane.

Langrennskomiteen bør drøfte smøreteam, trenarar, og reiseleiar til nasjonale renn.

Informasjon om felles opplegg til nasjonale renn blir publisert på nettsida fortløpande:

<https://www.skiforbundet.no/sogn-og-fjordane/langrenn/nasjonale-renn->

[langrenn/](#)

### **VEDTAK**

Langrennskomiteen gjer vedtak om å leggje til rette for følgjande støtteapparat:

- 1-2 trenarar NC jr. og Hovudlandsrennet
- 1 trenar NC sr.
- 4-5 i smøreteam til NC jr.
- 2-3 i smøreteam til NC sr.
- 2+ i smøreteam til Hovudlandsrennet (følg opp med antall utøvarar)

Felles møte for støtteapparat til nasjonale renn på Skei før sesongstart (desember).

### **SAK 76 21-23**

#### **Bruk av utstyr orgeltramp og hopp**

##### **Bakgrunn**

Langrennskomiteen har kjøpt inn eit sett med 8 orgeltramp og 2 hopp med belegg til rulleski. Dette er gjort på oppfordring frå NSF langrenn som støtter med 50% av kjøpssum opp til kr. 30 000,-. Vedlagt ligg utlysning frå NSF langrenn "Støtte til aktivitetsutstyr".

Langrennskomiteen bør drøfte følgjande punkt:

- *Utstyret forvaltes av langrennskomiteen i krets i samarbeid med Skiklubbutviklere og Trenerutviklere i langrenn der det er relevant.*
- *Utstyret bør være mest mulig i bruk, slik at en transportabel løsning er det beste, eller at utstyret og plasseres på brukervennlige steder både sommer og vinter.*



Utstyret er levert krinskontoret og førebells lagra i Skikrinsen sin Gaupen tilhenger.

#### **VEDTAK**

Langrennskomiteen gjer vedtak om å presentere og vise fram utstyret i starten. Ta med til Idrettens Møteplass. Etter kvart legg ein opp til eit utlånssystem for klubbane, slik at utstyret går på rullering. Viktig at utstyret blir brukt av klubbane i krinsen.

### **SAK 77 21-23**

#### **Haustmøte 2022**

##### **Bakgrunn**

Skikrinsstyret har gjort vedtak om at Haustmøtet 2022 skal avviklast 5. november 2022 ved Idrettens Møteplass på Sandane.

Rammeprogram:

Kl. 10.00: Felles foredrag

Kl. 12.00: Lunsj

Kl. 13.00-16.00: Haustmøte Sogn og Fjordane Skikrins

Paralellt med Idrettens Møteplass vert det arrangert ei treningssamling for utøvarar i aldersgruppa 12-19 år med basisøker på tvers av idrettar.

Ved haustmøtet 2021 gjorde langrennskomiteen vedtak om å sende ut informasjonssaker i framkant av haustmøtet og bruke møtet hovudsakeleg til diskusjon kring rekruttering i klubb og krins, og terminlista for sesongen 21/22.

#### **VEDTAK**

Langrennskomiteen gjer vedtak om følgjande sakliste:

- Terminlista 2022-2023
- Nasjonale renn 2022-2023
- Krinslaget 22-23
- Økonomi og marked
- Team Elon Vest
- Orientering frå Haustmøtet NSF langrenn
- Breiddesamlingar

### **EVENTUELT SAK 78 21-23**

#### **Krinslaget 22/23**

##### **Bakgrunn**

Krinslaget senior har avlyst samlingane som var lagt til Lillehammer og Trondheim i haust. Avlysingane har vore gjort med dialog mellom hovudtrenar og utøvarane.

#### **VEDTAK**

Langrennskomiteen gjer vedtak om å kompensere utøvarane ved å støtte økonomisk til 1 ekstern samling, og dekkar overnatting knytt til nasjonal opningshelg på Beitostølen. Økonomisk støtte blir gitt for kostnader





utøveren har hatt knytta til ekstern samling, innanfor rammene til budsjett for krinslagssamlingar senior. Kvittering på kostnadar må sendast til krinskontoret før utbetaling der det er behov.

Med venleg helsing  
Sogn og Fjordane Skikrins

Tor Arne Hov (s)  
Leiar LK

Kennet Dvergedal (s)  
Adm. sjef